

Framlegget til reguleringsplan for den øvre delen av Halsabrotet er no sendt kommunen av Byggadministrasjon Harald Bjørndal på Eikelandsosen, som har oppdraget med planen. Erlend Bjørnebøle er tiltakshavar for dette nye bustadområdet som er planlagt med 16 einebustadtomter og 18 husvere i tomannsbustader. Bjørnebøle og Magne Huglen er heimelshavarar.

I planen blir det opplyst at området er rimeleg einsarta beiteland skrånande mot vest ovafor eksisterande bustadområde. Området har utsikt vest-nordvest over bustadfeltet nedafor og mot fjorden.

Det er avsett 1554 kvadratmeter til leik og sosial arena og midt i feltet er det avsett areal for mogeleg turveg opp frå feltet. Det er ikkje lagt opp til fortau i dette. Rett ovafor feltet går ein avskjerande landbruksveg.

Fylkeskommunen har hatt befarings og ikkje registrert freda kulturminne eller andre verneverdige kulturminne. I sørenden av feltet ligg steingardar bygd av rullestein. Steingarden opp mot tunet på bruksnummer 1 er mykje neddotten, men det er likevel teke vare på området.

For bustadfeltet med beregna opptil 42 einingar er beregna offentleg veg med reguleringsbreidde på 7 meter. Feltet er tilknytt kommunal veg som fører ned i fylkesvegen med fortau fram til butikk og skule. Det heiter i planen at den kommunale veggen opp til avkjøringa til feltet burde fått fortau.

I framlegget til reguleringsføresegner heiter det at bustader kan oppførast med 2 etasjer på kjeller der terrenget høver for kjeller. All parkering skal vera på eigen eigedom.

Uskedalen Vassverk har gjort merksam på at store delar av feltet kan verta liggjande høgt i terrenget i høve til vassverket sitt inntak og at det av den grunn kan bli problem med å oppnå tilstrekkelig vasstrykk. Vassverket ber om at det blir teke omsyn til dette og at det blir teke med i planane eit eventuelt høgdebasseng eller annan form for trykkauke. Dette har Bjørnebøle lova.

Tordis Myklebust har peika på at planlagt veg vil vera til stor ulempe med stor trafikk forbi huset hennar, men Bjørnebøle opplysar at tilkomstvegen no er planlagt tilknytt kommunal veg og ført opp mellom bruksnummer 33 og 12.

Anna A. Arnesen har protestert på at bruksnummer 33 er innlagt i planen fordi veggen forbi hennar eigedom allerede er sterkt belasta. Men no er veggen flytta til motsett side av bruksnummer 33, inntil grensa.

Av Ola Matti Mathisen